

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: FØRDE SENTRALSJUKEHUS, FØRDE
MØTETIDSPUNKT: 21. SEPTEMBER 2015 kl. 1200 – 1515

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Terje Vareberg	Styreleiar
Lise Reinertsen	Nestleiar
Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Ohene Aboagye	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Tom Guldhav	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

Lise Karin Strømme

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerande direktør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi og finansdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Torunn Nilsen, styresekretær

0930 – 1100 Synfaring og fellesmøte med styret i Helse Førde HF, Førde sentralsjukehus

1100 – 1200 Felles lunsj med styret i Helse Førde HF, Førde sentralsjukehus

1200 – 1515 Styremøte Helse Vest RHF, Førde sentralsjukehus

Sak 072/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar orienterte om at hovuddelen av styremøtet var ope for publikum og presse.

Sak 058/15 pkt. 5 blei handsama i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26a andre ledd nr. 3

Sak 058/15 pkt. 7 blei handsama i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26a andre ledd nr. 4

Sak 070/15 blei handsama i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26a andre ledd nr. 4

Forfall:

Lise Karin Strømme hadde forfall til møtet.

Dokument som er delt ut i møtet:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møtet:

- Tidsplan for styremøtet
- Notat til AD si orientering pkt 5 – Forslag til program for styreseminaret i november 2015

Til dagsorden:

Styreleiar orienterte om at det var eit nytt pkt. på AD si orientering:

- Pkt 7 – Høyring - Meirverdiavgiftskompensasjon

Eventuelt:

Følgjande saker blei meldt til eventuelt:

Orientering om ein innbyggjar ein journal

Styret si eigenevaluering for 2015

Nytt sjukehusbygg på Nord Jæren – styrebehandling i Helse Vest

Vedtak (samrøystes)

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 073/15 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 18.06. 2015

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 18. juni 2015.

Sak 074/15 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. «Alle møter» - brev til alle fastlegar

Administrasjonen viste til utsendt brev som er sendt til alle fastlegar i Helse Vest.

6. Styreseminar i november 2015

Styret slutta seg til forslag til program for styreseminaret i Helse Vest 10. – 11. november.

Frå helseføretaka/Helse Vest IKT AS, deltek styreleiar og administrerande direktør.

6. Tolking av helseføretakslova sine bestemmelsar om eigarstyring, kommunikasjon og opne møte

Styret tok til etterretning dei føringane som Helse- og omsorgsdepartementet gir i brev til helseregionane dagsett 30.06.2015.

7. Høyring – Meirverdikompensasjon

Høyringsfristen for høyringa om meirverdikompensasjon er før neste styremøte. Styret gav administrasjonen fullmakt til å sende inn høyringsuttale frå Helse Vest.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 075/15 Rapportering frå verksemda per juli 2015

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per juli 2015 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 52 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgongen av månaden var 74 dagar.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn per juli 2014, både for innlagde døgnpasientar, dagbehandling, poliklinisk behandling og for talet genererte DRG-poeng. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern syner høgare poliklinisk aktivitetsnivå og fleire utskrivne døgnpasientar innan BUP og psykisk helsevern for vaksne samanlikna med same tid i 2014. Det totale talet liggjedøgn som er generert er lågare enn førre år, både innan PHV og BUP.

Prosentdelen fristbrot for behandla låg på 2,8 % i juli 2015. Innan somatikken er korridorpasientar framleis ei utfordring, men det gjennomsnittlege talet pasientar på korridor fortsett å gå ned siste månaden. Innan psykisk helsevern har talet korridorpasientar samla sett vore rimeleg stabilt og lågt dei seinaste månadane. Det samla talet på langtidsventande (1 år+) i regionen held seg stadig lågt, men har auka noko i sommar. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 87 % innan somatikken og 85 % innan psykisk helsevern i juli 2015.

Per juli 2015 var det samla sjukefråværet på 6,4 % og sjukemeldt fråvær på 5,7 %. Per juli 2014 var det samla sjukefråværet på 6,5 % og sjukemeldt fråvær på 5,8 %. Sjukemeldt fråvær var marginalt lågare for juli 2015 enn for juli 2014. Per juli 2015 hadde 67,36 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 66,43 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

For juli 2015 var det 3 327 fast tilsette medarbeidarar som har registrert profilen sin i heiltidsmodulen. Totalt er det 5 283 fleire tilsette i 100 % stilling per juli 2015 samanlikna med desember 2010. Ved utgangen av juli 2015 er den korrigererte gjennomsnittlege stillingsprosenten 91,62 %. Det er om lag same nivå som for juli 2015.

Det økonomiske resultatet i juni er kr 110,6 mill. som er kr 23,8 mill. betre enn budsjettert. I juli er resultatet kr 82,1 mill. som er kr 44,7 høgare enn budsjettert. Dette gir eit akkumulert resultat på kr 418,8 mill. som er kr 40,8 mill. høgare enn budsjettert. Føretaksgruppa leverer ei samla prognose som er kr 205 mill. høgare enn resultatkravet.

Samla investeringar per juli er på kr 977,7 mill. Dette utgjer omlag 52,9 % av budsjettert investeringsnivå i 2015. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

I perioden 1. april til 30. juni 2015 er det registrert 1 507 oppslag som omhandlar Helse Vest og dei underliggjande føretaka og institusjonane. Mediedekninga for Helse Vest RHF er lågare denne perioden enn den førre, med 275 registrerte oppslag, mot 402 ved førre måling.

Omdømmeindikatoren ligg mellom -0,3 og 0,9 prosent i perioden. Totalt sett har medieomtalen berre liten påverknad på omdømmet i perioden.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. juli 2015 til etterretning.

Sak 076/15 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest 9. april 2015

Oppsummering

Torsdag 9. april kl. 11.00, blei det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møte vart gjennomført som telefonmøte.

I møte 9. april kl. 11.00, blei følgjande saker behandla:

- Sak 1 Føretaksmøte blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Planlegging av regionale sentre for protonterapi
- Sak 4 Nasjonal kompetanseoppbygging protonterapi

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollen frå føretaksmøte 9. april 2015 til etterretning.

Sak 077/15 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest 1. juni 2015

Oppsummering

Måndag 1. juni 2015 kl. 09.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka i R5, Akersgata 59, Oslo.

I møte 1. juni 2015 kl. 09.00, blei følgjande saker behandla:

- Sak 1 Føretaksmøte blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Årleg melding 2014, jf. lov om helseføretak § 34, vedtektene §§ 7 og 15
- Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2014, jf. lov om helseføretak § 43, vedtektene § 7
- Sak 5 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseføretak § 44
- Sak 6 Endringar i driftskredittramma
- Sak 7 Endringar i vedtektene

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollen frå føretaksmøte 1. juni 2015 til etterretning.

Sak 078/15 Møteplan og årsplan for styret i Helse Vest 2016

Oppsummering

Lagd ved denne saka var utkast til årsplan med møteplan for styret i Helse Vest RHF for 2016. Som vedlegg til årsplanen følgjer årshjul. Årsplan er eit verktøy for å skape oversikt, strukturere styrearbeidet og prioritere tida slik at dei rette og viktige sakene får breiast plass.

I årsplanen for 2016 er det lagt inn to styreseminar for styret i Helse Vest RHF.

Det er lagt inn fellesmøte med styra i dei 4 sjukehusføretaka i Helse Vest. I tillegg er det lagt inn fellesmøte med brukarutvalet i Helse Vest, og presentasjon av Helse Vest IKT AS, Sjukehusapoteka Vest HF, dei private ideelle og av pasient- og brukaromboda i Helse Vest. Styret ønskja 2 endringar i utsendt forslag til møteplan for 2016: Styremøte og styreseminar i mars blei flytta til 29. februar - 1. mars. Fellesmøte med styret i Helse Fonna og styremøte i april, blei flytta til 4. april - 5. april.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til årsplanen , årshjulet og møteplan for 2016, med dei endringane som kom fram i møtet.

079/15 Tillegg til oppdragsdokument for 2015

Oppsummering

Helse Vest RHF fekk i sommar tilsendt eit tilleggsdokument til oppdragsdokumentet for 2015 frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD), datert 30.06.2015. Tilleggsdokumentet er i hovudsak ei oppfølging av krav 3.2 *Oppfølging på ventetid, pasientforløp og effektivitet i 2015* i føretaksprotokollen frå føretaksmøtet den 7. januar 2015, i tillegg til at det er formulert nokre nye mål for 2015.

Tilleggsdokumentet inneheld mål og krav knytt til tiltak for å redusere variasjonar i helsetenesta som mellom anna handlar om vente- og liggetid, kapasitetsutnytting og forbruk. RHF-a skal samarbeide om å levere felles indikatorsett som gjer det mogleg å samanlikne denne type data både regionalt og nasjonalt, og som kan nyttast i forbetningsarbeid. Helse Vest er utpeikt av HOD til å leie fleire av desse oppgåvene.

RHF-a har og fått krav om å setje i verk tiltak for å rekruttere og behalde blodgivarar.

RHF-a skal legge til rette for at helseføretaka kan kommunisere godt om sine resultat, utfordringar og omstillingsprosessar.

HOD forventar at RHF-a og helseføretaka retter seg etter dei krav som kjem fram i Regjeringa sin strategi om fleire lærlingar i staten.

Styret viste i samband med dette til krav i styringsdokumenta til helseføretaka i Helse Vest om lære plassar for eigne lærlingar. Styret ønskja å få rapport om talet på lærlingar i helseføretaka i den halvårlege rapporteringa på krav i oppdragsdokument og protokoll.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til etterretning.

Sak 080/15 Prosess og føringar for val av nye styre i HF-a

Oppsummering

Nye styre i helseføretaka i Helse Vest skal vere oppnemnde innan utgongen av februar 2016. Styret i Helse Vest RHF oppnemnde i styremøte 18. juni 2015 eit arbeidsutval som skal utarbeide framlegg til nye helseføretaksstyrer.

Føremålet med denne saka er å klargjere dei føringane og momenta som skal leggjast til grunn ved valet av styremedlemmer.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til at dei føringar og moment som går fram av saka blir lagt til grunn ved samansetting av nye styre i helseføretaka.

Sak 081/15 Barne- og ungdomssjukehuset i Helse Bergen HF, trinn 2 – forprosjekt

Oppsummering

Nytt barne- og ungdomssjukehus er det største utbyggingsprosjektet i Helse Bergen sidan Sentralblokk vart teken i bruk i 1983. Utbygginga er også det største einskildprosjektet i arealplanen til Helse Bergen. Prosjektet er utvikla over lang tid og er endra undervegs.

Det er likevel halde fast ved det overordna formålet; samle tenestene til barn og unge i eit eige bygg som er dimensjonert for framtidig behov med byggløysingar og anna infrastruktur som legg til rette for høg kvalitet på tilbodet til barn og unge og pårørande.

Trinn 1 i denne utbygginga vert ferdigstilt i løpet av våren 2016. Innhaldet i trinn 1 vil i hovudsak vere barne- og ungdomspsykiatri, habiliteringstenester for born og unge, skulefunksjonen, psykosomatiske einingar som til dømes Avdeling for spiseforstyrrelser, og dessutan universitets- og forskingsareal. Trinn 1 vil bli realisert innanfor vedteken budsjetttramme. Samla areal for trinn 1 er ca. 28 000 kvm brutto.

Trinn 2 som denne saka gjeld, vil omfatte somatisk verksemd, og vil inkludere barneklubben si verksemd, kirurgi, radiologi, og føde-barsel verksemd.

Styret i Helse Vest behandla i møte 5. februar 2014 konseptrapport for trinn 2 og godkjente at prosjektet blei vidareført til forprosjekt. Forprosjektet blei behandla i styret i Helse Bergen 18.06.15 og er no sendt til behandling i styret i Helse Vest.

Det er gjort mindre endringar i forprosjekt i forhold til konseptrapporten. Areal og kostnader er auka noko m.a. for å betre adkomst og intern transport. I tråd med anbefalingar i samband med den eksterne kvalitetssikringa av konseptrapporten er også talet på senger auka noko.

Ved godkjenning av forprosjektet kan prosjektet detaljprosjekterast samstundes som Helse Bergen førebur anbodsinnhenting og byggestart.

Det er gitt tilsegn om lån i statsbudsjettet for 2015.

Prosjektet blir no kalla Barne- og ungdomssjukehuset (BUS).

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF godkjente forprosjekt for nytt Barne- og ungdomssjukehus i Helse Bergen trinn 2
2. Investeringsramma blir sett til 3350 mill. kr. Helse Vest må i dialog med HOD få avklart moglegheita for å auke tildelt låneramme som følgje av oppdatert kostnadsramme. Helse Bergen må likevel ta høgde for denne usikkerheita i sin samla investerings- og finansieringsplan.
3. Helse Bergen må sikre styring av prosjektet i tråd med dette og ha tilstrekkelig beredskap for endringar dersom det er naudsynt for å halde kostnadsramma og realisere prosjektet innan styringsmålet.
4. Helse Bergen må vidare sikre gode prosessar i eigen organisasjon for å hente ut gevinstane for pasientar og føretak knytt til samling av tenestene i det nye barne- og ungdomssjukehuset.

Sak 082/15 Auka pensjonskostnad 2015

Oppsummering

Regjeringa la i mai 2015 fram forslag til «Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjett 2015»(Prop. 119 S 2014-2015). Budsjettet blei behandla i Stortinget i juni månad.

Helse Vest legg med dette fram forslag til fordeling av tilskot til auka pensjonskostnad i 2015. I tillegg blir det lagt fram forslag til justering av driftskreditt som følgje av auka pensjonskostnad.

Vedtak (samrøystes)

1. Inntektsramma til helseføretaka blir som følgje av auka pensjonskostnad auka opp med følgjande beløp i heile tusen kroner:

Endra inntektsramme - tal i heile tusen kroner	Helse				Helse Vest		Total
	Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	RHF		
Meirkostnad pensjon - auka ramme	75 200	38 700	131 200	28 000	8 000	281 100	

Endringa i inntektsramma skal innarbeidast i rapporteringa pr. september.

Auka pensjonskostnad hos Sjukehusapoteka Vest, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF blir handtert administrativt i eigen ekspedisjon innafor ei ramme på kr 8 mill.

2. Driftskredittramme for aktuelle føretak blir sett ned som følgjer:

Driftskredittramme	Helse			
	Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Driftskreditt pr. 31/12-2015 - bestillardokumer	160 000 000	140 000 000	1 055 000 000	390 000 000
Endring som følge av endra pensjon	-75 200 000	-38 700 000	-131 200 000	-28 000 000
Ny driftskredittramme pr 31/12-2015 - RNB	84 800 000	101 300 000	923 800 000	362 000 000

Endringa i driftskredittramma blir innarbeida med ein halvdel ved utgangen av oktober og resterande del pr. 31/12-2015.

Sak 083/15 Regional helseberedskapsplan Helse Vest 2016 - 2018

Det er gjennomført drøftingar med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Regional helseberedskapsplan for Helse Vest 2016-2018 ligg føre som eit resultat av ei større revidering av tidlegare regional beredskapsplan.

Regional helseberedskapsplan er eit rammeverk for utarbeiding av lokale planverk i heile føretaksgruppa og i dei private institusjonane som har avtale med Helse Vest RHF. Den regionale helseberedskapsplanen skal slik operasjoniserast gjennom dei lokale planverka.

Hovudformålet med den regionale helseberedskapsplanen er å bidra til å verne om liv og helse og sikre befolkninga nødvendig medisinsk behandling, pleie og omsorg i kriser og katastrofar, både i fredstid og i krig.

Planen legg også føringar for ein meir einsarta og heilskapleg tilnærming til beredskapsarbeid i regionen, og skal blant anna sikre at dei samla helseressursane i regionen blir utnytta så effektivt som mulig i ein beredskapssituasjon.

Styret ba om å bli orienterte om framdrift i planarbeidet i HF-a.

Vedtak (samrøystes)

Regional helseberedskapsplan for Helse Vest 2016-2018 blir lagt til grunn for beredskapsarbeidet og utarbeiding av lokale planverk i heile føretaksgruppa i Helse Vest, samt hos dei private institusjonane som har avtale med Helse Vest RHF.

Sak 084/15 Høyring – innføring av fritt rehabiliteringsval

Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring eit forslag om at retten til fritt behandlingsval skal omfatte private rehabiliteringsinstitusjonar. Endringa inneber å oppeve unntaket i pasient- og brukarrettighetslova § 2-4 femte ledd.

Helse Vest er positiv til prinsippet om at dei same reglane skal gjelde for private rehabiliteringsinstitusjonar med avtale med eit regionalt helseføretak, som for andre spesialisthelsetenester.

Forslaget til høyringssvar legg vekt på at følgjande er på plass ved innføring av fritt rehabiliteringsval:

- Alle tilvisingar frå fastlegar blir sende via dei regionale vurderingseiningane. Det vil bidra til å sikre lik tilgang til spesialisert rehabilitering uavhengig av bustad.
- Det er lagt til rette for at pasienten kan velje mellom rehabiliteringstilbod som er egna og forsvarleg ut frå dei behova pasienten har, og som han/ho er tilvist til privat rehabiliteringsinstitusjon for.

- Det må ikkje etablerast ein konkurransesituasjon som favoriserer dei store, vel etablerte tilboda slik at det får følgjer for dei nyetablerte tilboda.
- Det er sikra at samhandling og samanhengande pasientforløp blir ivaretatt sjølv om pasienten får eit tilbod langt frå heimkommunen sin.
- Ansvar for fristbrot er avklart.
- Det er klare føringar og eintydige reglar som gir lik praksis for eigendelar i dei private rehabiliteringsinstitusjonane i heile landet.
- Det er tatt høgde for dei økonomiske konsekvensane særleg knytt til:
 - Harmonisering av eigendelar.
 - Utvikling av ein modell/nettside som sikrar at pasienten kan velje mellom rehabiliteringstilbod som er egna og forsvarleg ut frå behova.
 - Auka ressursar til pasientrådgiving.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest gir høyringsuttale om innføring av fritt rehabiliteringsval i tråd med forslaget i denne saka.

Sak 085/15 Internrevisjonsrapport om Bierverv

Behandling av saka blei utsatt til neste styremøte.

Sak 086/15 Internrevisjon Bierverv – administrasjonen si oppfølging

Behandling av saka blei utsatt til neste styremøte.

Sak 087/15 Internrevisjonsrapport om Innkjøp

Behandling av saka blei utsatt til neste styremøte.

Sak 088/15 Internrevisjon Innkjøp – administrasjonen si oppfølging

Behandling av saka blei utsatt til neste styremøte.

Sak 089/15 Mobildekning i tunnellar

Oppsummering

Manglande samband i tunellar (mobildekning og Naudnett) har gitt utfordringar knytt til kommunikasjon i tunnelar og innsats ved tunnelulukker.

Nasjonalt er det ca. 900 tunnelar og 800 km veg i tunnel. I tillegg kjem jernbanetunnelar. Ein høg del av desse, og dei lengste tunnelane ligg på Vestlandet. Vi har mellom anna 24

vegtunnelar som er over 3000 m i vårt dekningsområde. Nokre av desse er undersjøiske.

Fleire alvorlege ulukker og brannar i tunnelar set fokus på kva beredskap samfunnet har for å takle desse. Denne saka forsøker å svare ut utfordringar kring kommunikasjon i tunnelar og innsats ved tunnelulukker.

Godt utbygd naudnett langs vegane våre vil sikre helsepersonell og andre naudetater tilgang til kommunikasjon i dagleg drift. Ved redningsinnsats saman med andre naudetater er det viktig med gode sambandsforhold. Ulukker og brann i tunnel kan være krevjande innsatsar, der det er særskild trong for god kommunikasjon for å ivareta innsatspersonellet sin tryggleik og evne til å hjelpe pasientar og andre som omfatta av hendinga.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest tok saka til orientering, og ber Statens vegvesen vurdere risikobilete meir omfattande enn kun bruk av årsdøgntrafikk som kriterie for om tunnelar skal ha naudnett eller ikkje.
2. Styret ønskja at saksunderlaget med styret sitt vedtak blir oversendt til helse- og omsorgsdepartementet.

Sak 090/15 Halvårleg rapportering på krav i oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøte

Oppsummering

Helse Vest RHF har med innspel frå helseføretaka utarbeidd ein halvårleg rapport på krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2015. Rapporten synleggjer at Helse Vest i hovudsak rapporterer god framdrift per 30. juni 2015.

Sentrale element i styringa for 2015 er tydelege krav til resultat og utvikling av tenesta for å møte dei utfordringane spesialisthelsetenesta står overfor. Summert opp er det desse områda som Helse Vest vil følgje særleg opp i 2015:

- Oppfølging på ventetid, pasientforløp og effektivitet, herunder mellom anna pakkeforløp for kreft
- Samarbeid med private aktørar som eit ledd i Fritt behandlingsval-reforma
- Pasienttryggleik og kvalitet
- Felles nasjonale retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå
- IKT
- Framleis større vekst innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) enn for somatikk

Det er framleis ei utfordring med å nå målet knytt til ventetid, og i spesialisthelsetenesta ligg samla ventetid innan alle fagområde på 66 dagar for behandling som blei starta. Dette er likevel ein gradvis reduksjon, som ein forventar at fortset i 2015, ikkje minst som følgje av tiltaka som skjer i regi av prosjektet «Alle møter». Målet er at ventetida blir kortare, planlegginga betre og at fleire pasientar møter til timane sine.

Helse Vest har gjennom prosjekta «Vestlandspasienten.no», «Alle Møter», med delprosjektet «Avansert oppgaveplanlegging», etablert digitale tenester for å auke effektivitet og kapasitet ved poliklinikkar og operasjonsstuer, noko som vil føre til færre tapte timar som følge av manglande oppmøte og frigjering av tidsbruk til endring av timar. Hovudeffekten av «Alle møter» er framleis ikkje tatt ut.

Status for pakkeforløp for kreft kjem som ei eiga styresak, men rapporteringa så langt syner at Helse Vest ligg godt an på dette området.

Innan «Pasienttryggleik og kvalitet» er det mellom anna stilt krav om at nasjonale kvalitetsregistre med nasjonal status har nasjonal dekningsgrad og god datakvalitet. Målet med kvalitetsregistre er at dei skal kome pasientane til gode i form av betre helse. Det er difor heilt avgjerande at dekningsgraden og datakvaliteten i registeret er god for at dokumentasjon frå slike registre skal kunne nyttast i forskning og i arbeidet med å kvalitetssikre og forbetre pasientbehandlinga. Rapporteringa frå HF-a syner at dei leverer data til alle nasjonale kvalitetsregistre, og at unntak frå dette blir følgt opp gjennom fagdirektøraksen. Resultat frå alle nasjonale kvalitetsregister blir tilgjengeleggjort for pasientar, klinikarar og leiarar årleg på nettsida til Nasjonalt servicemiljø for kvalitetsregistre.

Arbeidet med felles nasjonale retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå blir leia av Helse Nord RHF, og er førebels i sin aller første fase. Det er tatt sikte på å fullføre arbeidet innan utgangen av 2015.

Det framleis eit mål om høgare vekst innan psykisk helsevern og rusbehandling enn somatikk, og alle HF-a og dei private ideelle rapporterer om at dei har innretta drifta etter «den gyldne regel» for å oppfylle kravet. RHF-et følgjer dette tett opp.

Når det gjeld økonomiske resultatkrav ligg resultatet for føretaksgruppa pr. juli 2015 på 40,8 millionar kroner betre enn budsjett.

Styret ønska ei orientering om status i arbeidet med Helseatlas, i neste styremøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 091/15 Statens eierberetning 2014

Oppsummering

Nærings- og fiskeridepartementet har publisert dokumentet "Statens eierberetning 2014". Dokumentet gir ein oversikt over staten sitt direkte eigarskap og omtalar mellom anna selskapa si utvikling og viktige hendingar siste kalenderår.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok «Statens eierberetning 2014» til orientering.

Sak 092/15 Tilskotsforvaltning – private ideelle institusjonar

Oppsummering

I styremøte den 8/12-2014 blei det under sak 126/14 Administrerande direktør si orientering pkt. 4 gitt ei utgreiing av eit prosjekt knytt til tilskotsforvaltning private ideelle institusjonar. Formålet var å få større tryggleik for at tilskot som blir betalt til dei aktuelle institusjonane faktisk går til det tiltenkte formålet.

Det vart som eit resultat av dette arbeidet gitt ei rekke forslag til tiltak for å auke tryggleiken for at tilskota blir brukt til det formål dei var tiltenkt. Desse tiltaka var:

1. Meir målretta og detaljert oppfølging av tilskotsmottakarane sine finansielle nøkkeltal
2. Tettare involvering av tilskotsmottakarane sin drift
3. Føringar knytt til tilskotsmottakaranes selskapsform

I tillegg har den enkelte institusjon fått konkret forslag til forbetringstiltak med basis i dei svakheiter og manglar i internkontroll som blei avdekka i prosjektet. Fleire av desse svakheitene og manglane blei retta opp eller tatt fatt i gjennom prosjektet eller rett i etterkant av prosjektet.

Helse Vest har gjennom våren 2015 gjennomført besøk hos alle dei aktuelle institusjonane for å få ein status på arbeidet som er gjort i den enkelte institusjonen med tanke på forbetringstiltak som blei føreslått i prosjektet.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 093/15 Årsoppsummering - Beslutningsforum

Oppsummering

«*Beslutningsforum for nye metoder*» starta sitt arbeid i møtet den 19. mai 2014. I møtet i *Beslutningsforum* den 15.06. 2015 blei det lagt fram Årsoppsummering 2014. *Beslutningsforumet* godkjente då årsoppsummeringa med dei endringane som kom fram under behandlinga av saka. Årsoppsummering 2014 er lagt ved denne saka.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok årsoppsummeringa for 2014 frå *Beslutningsforum* til orientering.

Sak 094/15 Status for innføring av pakkeforløp for kreft

Oppsummering

I 2015 innfører Helse Vest 28 pakkeforløp for kreft. Pakkeforløpa skal sikre at ein unngår ikkje-fagleg grunna ventetid ved utgreiing og behandling av kreft. Helse Vest deltek i nasjonalt prosjekt for innføringa, og har i tillegg etablert eit regionalt prosjekt for innføring av pakkeforløpa. Helseføretaka i regionen er godt i gang med innføring av dei fire første forløpa, og dei første resultatata for desse som blei publisert 27. august 2015 viser at 61 prosent av alle nye

kreftpasientar inngår i pakkeforløp (mål 70%). 81 prosent av pasientane gjennomfører pakkeforløpa innan standard forløpstid (mål 70%).

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok statusrapport for innføring av pakkeforløp for kreft til orientering.

Sak 095/15 Tiltak for å avvikle korridorsenger i helseføretaka

Oppsummering

Helse Vest har fortsatt ein omfattande bruk av korridor plasser trass i eit klart styringsbodskap og mål om at det ikkje skal vere korridor pasientar (nulltoleranse).

Prosjektarbeidet som blei gjennomført i 2014 og rapporten «Tiltak for å avvikle korridor plassar» peika på ei rekke tiltak for å avvikle bruk av korridor plassar ved sjukehusa i Helse Vest.

Oppfølgingsarbeidet var to-delt:

1. lik registrerings praksis i helseregionen
2. iverksetjing av tiltak som skal avvikle bruken av korridorsenger

Helse Vest RHF understreka i saka at oppfølging av punkta vil vere eit leiaransvar i kvart helseføretak.

I 2014 og 2015 har Helse Vest RHF i samarbeid med føretaka utvikla elektronisk rapportering av korridor pasientar og utvikla webløysinga «ledige senger».

Registreringa viser at målsettinga «*at det ikkje skal vere korridor pasientar*» så langt ikkje er nådd for alle helseføretaka. Det har likevel vore ei positiv utvikling over tid. Det er stor variasjon mellom helseføretaka i gjennomsnitt bruk av korridorsenger i 2015.

Helse Vest RHF har ikkje vurdert ytterlegare tiltak enn dei som ligg til grunn for arbeidet i helseføretaka.

Helse Vest RHF følgjer utviklinga nøye og vil komme tilbake med ny oppdatering i desembermøtet 2015.

Vedtak (samrøystes)

1. Saka blei tatt til orientering
2. Styret tok ikkje stilling til eventuelle sanksjonar for fortsatt bruk av korridor plassar
3. Saka vil bli oppdatert i desembermøtet 2015.

Sak 096/15 Eventuelt

Orientering om ein innbyggjar ein journal

Administrerande direktør orienterte om status i arbeidet med «ein innbyggjar ein journal»

Styret si eigenevaluering for 2015

Skjema for styret si eigenevaluering, vil bli sendt ut til styremedlemmene i oktober/november 2015. Styret si eigenevaluering skal gjennomførast i samband med styremøtet 10. desember.

Nytt sjukehusbygg på Nord Jæren – styrebehandling i Helse Vest

Rapport med 3 alternativ for plassering av nytt sjukehusbygg på Nord Jæren er sendt på høyring, og det er forventna høyrings svar frå Fylkesutvalet og dei fleste kommunane i Rogaland. Endeleg behandling av saka i styret i Helse Stavanger blir 25. november. Saka blir deretter oversendt til Helse Vest.

Det var tilslutning til at styret i Helse Vest RHF behandlar saka i styremøte 22. desember kl. 10.00.

Skriv og meldingar

Skriv og meldingar som var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 200815 - Rapportering frå verksemda per juli 2015
- Brev frå Helse Vest RHF til HOD og HDIR, dagsett 310815 - Rapport etter evaluering av den humanitære innsatsen mot Ebola
- Brev frå Helse Bergen HF til Helse Vest RHF, dagsett 070815 - Sluttrapport - Ebola prosjekt
- Brev frå Legeforeningen til Helse Vest RHF, dagsett 060815 - Rapport - En legevakt for alle, men ikke for alt
- Kopi av brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 230615 – Rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF

Sak 097/15 Grunnlag for anbodskonkurranse radiologisk tenester

Saka blei handsama i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26a andre ledd nr. 4

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til at det blir gjennomført kjøp av radiologiske tenester i tråd med saksførelegget.

Styret sitt kvarter

Administrasjonen deltok ikkje på styret sitt kvarter.

Torunn Nilsen

21.09. 2015

Terje Vareberg	Styreleiar
----------------	------------

Lise Reinertsen	Nestleiar
-----------------	-----------

Ohene Aboagye	Medlem
---------------	--------

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
--------------------------	--------

Olin Johanne Henden	Medlem
---------------------	--------

Bente Sissel Pilskog	Medlem
----------------------	--------

Sett:

Lise Karin Strømme	Medlem
--------------------	--------

Tom Guldhav	Medlem
-------------	--------
